

BACHELOROPPGÅVE

Ettervern

av

Jannice Myrmel

Barnevern
BA530
April 2008



Innholdsliste

1.0	Innleiing	1
2.0	Metodisk innfallsvinkel.....	2
2.1	Å jobbe med litteratur.....	3
3.0	Kva er ettervern.....	4
3.1	Formålet med ettervern.....	5
3.2	Korleis praktiseras ettervern?	5
3.3	Påverknadsfaktorar i forhold til val av ettervernstiltak.	7
3.4	Korleis jobbar ein i institusjonar?.....	8
3.5	Ettervern i fosterheim.	10
3.5.1	Arbeidet med ettervern i tilknytning til fosterheim.	11
4.0	Analysen av ettervernsarbeid.	11
4.1	Ettervern – for kven?	12
4.2	Dagens praksis i ettervernsarbeid.....	12
4.3	Føresetnadar for å gjere eit godt ettervernsarbeid.	15
4.4	Er tida inne for eit lovfesta ettervern?	18
5.0	Avslutning	21
	Litteraturliste	23

1.0 Innleiing

Barnevern handlar om å bidra til at barn og unge får trygge oppvekstvilkår. Barnets beste skal til ein kvar tid vere i barnevernsskuratorers fokus. Det vil sei at dersom foreldras ønskjer går imot barnets behov, kan barnevernstenesta gå inn å setje barnets beste i fokus (Gjertsen, 2003). Dette kan dei gjere ved å setje i verk hjelpetiltak, eller ved omsorgsovertaking. Dersom eit barn er under hjelpetiltak når det nærmar seg 18 år, kan barnevernstenesta, dersom den unge sjølv samtykker, velje å forlenge tiltaket fram til ungdommen er 23 år, jf. barnevernsloven § 1-3, andre ledd.

I forbindelse med ettervernstiltak bør barnevernstenesta foreta ein heilskapleg vurdering av den unges situasjon i det enkelte tiltak. Dei bør også avklara kva ungdommens ønskjer er, og i tilfelle kva form for hjelp ungdommen treng. Det har i den seinare tid vert ein del offentlege diskusjonar kring barnevernet og ettervernsarbeid, og regjeringa nemner ettervern spesielt i Soria Moria-erklæringa. Bak denne oppgåva ligg ein interesse for korleis ein kan jobbe med ungdom i overgangen frå barnevernstiltaka, til eit sjølvstendig liv. På bakgrunn av dette har eg tatt utgangspunkt i denne problemstillinga;

Er tida inne for eit lovfesta ettervern?

Eg har valt å stille fire ulike underspørsmål for å hjelpe meg å belyse problemstillinga, disse er:

1. *Kva er ettervern?*
2. *Kva seier loven og loyforarbeidet?*
3. *Kva rutinar og praksis har barnevernstenesta for arbeid med ettervern?*
4. *Kva faktorar bør vere tilstede for å hjelpe ungdommen til ei sjølvstendig tilværing?*

Eg har valt å dele min analyse av problemstillinga i to hovudkapitel. Først presenterer eg ein teoridel, der eg først tar føre meg dei to første underspørsmåla i problemstillinga mi. På denne måten vil lesar ha eit godt innblikk i ettervern som barnevernstiltak før eg startar å diskutere om tida er inne for å lovfeste ettervern. Formålet med ettervern er å ivareta dei unge som ikkje klarar seg sjølv når dei vert myndig. Via forlengta tiltak, skal dei unge forberedast til å klare seg sjølv. Ettervern som barnevernstiltak er heimla i barnevernslova § 1-3, andre ledd; *Når barnet samtykker, kan tiltak som er iverksatt før barnet har fylt 18 år, opprettholdes eller erstattes av andre tiltak som er omhandlet i denne lov inntil barnet har fylt 23 år. Jf. likevel §*

4-24, tredje ledd. Lova heimlar altså ein tilgang til vidareføring av tiltak, men barnevernstenesta er ikkje plikta til det (Ofstad og Skar, 2004). Vidare i dette kapittelet vil eg vise til korleis ein kan jobbe med ettervern. Eg har i denne oppgåva valt å fokusere på dei som er under barnevernets omsorg, det vil seie dei som bur i fosterheim og institusjon. Ein kan setje inn tiltak, enten i tillegg til, eller i staden for plasseringa. Det vil sei at den unge til dømes kan flytte på eige hybel, og samstundes kan ha støttekontakt, eller økonomisk støtte til skulegang.

I analysen vil eg jobba meg fram mot ein konklusjon over kor vidt tida er inne for å lovfeste ettervern. Eg vil her ta føre meg teorien eg har presentert tidlegare i oppgåva, og bygge vidare på dette. Det vil eg blant anna gjere ved å støtte til ulike undersøkingar gjort ved til dømes NTNU. Eg vil først klargjere kven ettervern er berekna på, for så å bevege meg over på dagens praksis i ettervern. Eg vil då bygge vidare på det eg har skrevet om dette arbeidet i teoridelen. Eg vil her gå nærare inn på korleis ein kan jobbe individuelt med dei ulike ungdommane. Vidare vil eg ta føre meg ulike omgrep eg meiner er relevant i forhold til å skape gode føresetningar for ungdommen. Her vil eg blant anna komme inn på kommunens økonomi, ungdommens motivasjon og ungdommen som aktør. Når eg til slutt jobbar meg fram mot ein konklusjon over kor vidt tida er inne for å lovfeste ettervern, legg eg vekt på kvaliteten på ettervern. Med dette meiner eg om barnevernstenesta følgjer dei lover og retningslinjer dei er pålagt, og om ungdommen sjølv er klar over sine rettigheitar.

For å analysere problemstillinga mi, har eg valt å gjere eit litterærstudie, det vil sei at eg tar føre meg føreliggande data, og analyserar denne. Dette vil eg gå nærare inn på i neste del av oppgåva, der eg vil greie ut om den metodiske innfallsvinkelen på oppgåva mi.

2.0 Metodisk innfallsvinkel

Denne oppgåva er eit litterærstudie. Det vil seie at eg gjer ein sekundæranalyse av føreliggande data, og knytte denne opp mot mi eige problemstilling, for så å drøfte den. Metode er lære om dei verktøy ein kan nytte for å samle inn informasjon, data. Den forskingsmetoden ein velgjer, er med på å bestemme kva ein vil oppdage (Halvorsen, 2004). Sjølv om denne studien er ein sekundæranalyse, kan mine kjelder i utgangspunktet vere både primær- og sekundærdatabar. Når ein brukar primærlitteratur går ein direkte til opphavskjelda, det vil seie at forfattaren brukar egne undersøkingar og teoriar. Sekundærlitteratur vil seie at forfattaren brukar andres teoriar og funn (Halvorsen, 2004). Når eg gjennomfører ein slik

analyse, er det viktig å foreta ei kritisk vurdering av dei føreliggande data med sikte på å avklara om dei er relevante i forhold til problemstillinga ein skal belyse (Grønmo, 2004). Når ein bruker data innsamla av andre, kan det også vere greitt å stille spørsmål om validiteten til datamaterialet, det vil seie kor relevant er dette for mi problemstilling (Halvorsen, 2004). Det kan og vere greitt å stille spørsmål ved kor pålitelige kjeldene er. Dette vil eg ta opp under neste punkt.

2.1 Å jobbe med litteratur

Wadel (1991) framhever at forskarens forståing og måtar å betrakte omgjevnadane på, vil ha betyding for korleis observasjonar og utsegn som studerast blir til data. Dette betyr at min forforståelse av ettervern kan ha betyding for mi forståing og holdningar i forhold til det datagrunnlaget eg samlar inn. Dette stemmer til dels i dette tilfellet. Gjennom media har eg fått eit negativt inntrykk av ettervern, samstundes har eg eit avgrensa kunnskapsgrunnlag å basere dette inntrykket på. Datainnsamlinga bar dermed preg av at eg hadde ein forforståelse av ettervernet, samstundes som eg var ivrig etter å lære meir om feltet.

Eg byrjar oppgåva med å gå nærare inn på feltet ettervern, gjennom å presentere lovverket og retningslinjer for ettervernsarbeid. Eg har valt å byggje opp oppgåva med ein teoridel først, slik at lesar kan få eit godt innblikk i lovverk og rutinar, for så å kunne danne seg eit bilete av fagfeltet. Dette fordi eg meiner det gir dei eit betre grunnlag til å reflektere over mine analyser seinare i oppgåva. Eg har her støtta meg til ”Barnevernsloven med kommentar” Ofstad og Skar (2004). Dette fordi eg meiner at denne bokas framstilling av loven, gjer eit betre innsyn i kva lovteksten seier. Eg brukar også Barne- og familiedepartementets ”Rutinehåndbok for barnevernstjenestene i kommunene” (2006) i teoridelen. Eg meiner denne er relevant, fordi det er ei rutinehandbok som alle kommunar i utgangspunktet bør ta i bruk, dermed vil validiteten av det som står der vere høg.

Vidare i oppgåva vil eg legge fram teori om ettervernsarbeid i praksis, det vil seie på institusjon og i fosterheim. Her vil eg bruke ulik litteratur av Jan Storø; ”På begge sider av atten – om ungdom, barnevern og ettervern (2001)” og ”Klar, ferdig, flytt. En verktøykasse for ungdom (2003)”, samt ettervernsida på internett, www.ettervern.no, der Storø står for ein god del av utforminga. Eg tar også for meg teori frå ”Forstehjemshåndboka” av Johansson og Sundt (2007), og ”Fosterhjemsarbeid, fra rekruttering til tilbakeføring” av Vigdis Bunkholdt (2004). Tilgangen til litteratur om ettervern generelt er noko avgrensa, eg har difor valt å støtte meg til Storø gjennom heile oppgåva. Det er viktig å vurdere om kjelda ein brukar er av

god kvalitet. I følge Jacobsen (2003) kan dette først og fremst knyttes opp mot kva kunnskap og kompetanse den som har skrevet informasjonen har. Dette tenker eg er særleg relevant i forhold til Jan Storø. Det er som tidlegare nemnt skrevet lite om ettervern som fagfelt generelt, og Storø er ein av få som tar føre seg temaet. Han er i tillegg utdanna barnevernspedagog og har i fleire år jobba med ungdommar, både i og utanfor institusjonar. Eg brukar også mykje litteratur av Bunkholdt, dette særleg i teoridelen. Eg forsvarar dette ved at Bunkholdt er klinisk psykolog, med mange års erfaring, både praktisk og pedagogisk. Boka om fosterheimsarbeid er basert på disse erfaringar frå praksis, samt forskingsarbeid, både i Norge og Europa.

I analysedelen vil eg jobbe meg fram mot ein konklusjon over kor vidt tida er inne for å lovfeste ettervern. Eg tar her føre meg teorien eg har presentert tidlegare i oppgåva, og bygge vidare på dette ved å støtte meg til ulike undersøkingar som er gjort ved blant anna NTNU. Eg har også valt å bruke ein avisartikkel frå Bergens Tidene (05.11.07), samt eit notat skrevet av Barneombodet og Landsforeningen for barnevernsbarn angående forslag til ny ettervernslovgivnad, og ulik informasjon eg har funnet på www.regjeringen.no. Det har den seinare tid vert gjort ulike forskingar kring ettervern, resultata er til dels urovekkande. Dette pregar også mi analyse av ettervern, då det har vert vanskelig å finne undersøkingar som talar i favør for ungdom i forhold til det å få ettervern.

Vidare vil eg kort presentere ettervern, og ta føre meg lovverket kring dette fagfeltet. Eg vil då gå nærare inn på Barnevernslova § 1-3, som omhandlar kven loven gjeldt for.

3.0 Kva er ettervern

Å jobbe med ungdom over 18 år som er på veg ut til eit vakse og sjølvstendig liv, kallast ettervern. Som tidlegare omtalt gir barnevernslova (bvl.)§ 1-3 rom for ettervernsarbeid. Det står her at dersom ungdommen samtykkjer, kan tiltak som er satt i verk før ungdommen fylte 18 år, oppretthaldes eller erstattas av andre tiltak. Dersom vedtaket om ettervern vert godkjent, kan den unge vere i tiltak frem til fylte 23 år. I saker der det tidlegare er gjort vedtak om omsorgsovertaking, vil dette fråfalle den dagen barnet fyller 18 år. Dette fordi den unge då er myndig, og det er da ein naturleg konsekvens at foreldre eller føresettes ansvar opphørar (Ofstad og Skar, 2004).

I følge bvl. § 1-3, første ledd, kan ikkje dei som først får behov for hjelpetiltak etter fylte 18 år få tiltak etter barnevernsloven. Tiltak for disse må etablerast innan for det ordinære

hjelpetiltaket for vaksne, til dømes etter lov om sosiale tenester. Det er viktig å påpeike at loven heimlar ein tilgang, og ikkje ein plikt for barnevernstenesta til å oppretthalda tiltak for ungdom over 18 år (Ofstad og Skar, 2004).

3.1 Formålet med ettervern

Målet med ettervern er at den unge på sikt skal klare seg sjølv. Formålet med å oppretthalda tiltak etter fylte 18 år, er å ivareta dei som ikkje klarar seg sjølv når dei vert myndig. Via forlenga tiltak, skal den unge førebuast til å klara seg sjølv når dei fyller 23 år (Barne- og likestillingsdepartementet, 2006).

Med ungdommens samtykke kan barnevernstenesta fortsette allereie eksisterande tiltak, eller starte nye. Hensikta med å kunne forandre tiltak er at det til ei kvar tid skal vere til det beste for ungdommen. Det vil seie at dersom den unge vert meir sjølvstendig og klarar seg sjølv, eller situasjonen hans endrar seg, skal ein kunne forandre tiltaket. I utgangspunktet kan ein oppretthalda alle typar tiltak etter barnevernslova, både praktisk oppfølging og økonomisk støtte. Dette inneberer at ein til dømes kan vidarefør tiltak i institusjon eller fosterheim, og samstundes gje ungdommen tilbod om støtte- eller fritidskontakt. Den unge kan også flytte ut i eiga hybel, med forskjellige formar for tilsyn (Ofstad og Skar, 2004).

Barnevernstenesta pliktar å vurdere vidare plassering eller andre hjelpetiltak i god tid før den unge fyller 18 år. Dersom det er behov, og ungdommen samtykkjer, skal det utarbeidas ein plan for vidare tiltak. Den unge som ønskjer vidare tiltak utover fylte 18 år, har ikkje ein ubetinga rett til tiltak, det er opptil kommunen å vurdere i kvart enkelt tilfelle. Dette vil eg gå nærare inn på under neste punkt.

3.2 Korleis praktiseras ettervern?

Barne- og likestillings departementet laga i 2006 ein manual for barnevernsarbeid i kommunane. Denne rutinehandboka gjer eit god innblikk i korleis ein kan jobbe seg fram mot eit vedtak om ettervern for den unge. Eg har difor tatt utgangspunkt i rutinehandboka, og Barnevernslova, for å gje ein innblikk i korleis ein sakshandsamar i barnevernet jobbar seg fram mot eit vedtak.

I følge Rutinehåndboka for barneverntjenesten i kommunene (2006), skal barnevernstenesta i god tid før ungdommen nærmar seg 18 år, informere om mogelegheita for å enten oppretthalde eventuelle tiltak, eller erstatta det med eit anna. I henhold til lova finnes det ingen forklaring på kva "god tid" er, men sakshandsamar bør ta seg tid til å snakke med

ungdommen, og samle inn tilstrekkelig informasjon for å kunne ta stilling til opprettholding av tiltak. Barnevernstenesta skal gjere ei heilskapsvurdering av ungdommens situasjon. På bakgrunn av denne skal dei ta stilling til om den unge har behov som den treng hjelp til å ivareta, og kva instans som er best eigna til å hjelpe ungdommen. Det bør også leggjast vekt på om ungdommen har behov for å oppretthalda kontakten med barnevernet. Dersom dette ikkje er tilfelle, skal barnevernstenesta vurdere om ungdommen kan følgjes opp gjennom andre tenester eller tiltak, med til dømes heimel i sosialtenesteloven. Ettervern handlar om at ungdommen på sikt skal klare seg sjølv, det er difor viktig at barnevernstenesta gjer ei grundig vurdering før eit eventuelt vedtak vert gjort.

Dersom sakshandsamar finn grunnlag for å oppretthalde eller erstatta tiltaket, må ein innhenta samtykke frå ungdommen. Ungdommen kan, til ei kvar tid, trekkje tilbake dette samtykket (Barne- og Likestillingsdepartementet, 2006).

Lovteksten gjeld i utgangspunktet bere dei ungdommane som kontinuerlig har mottatt barnevernstiltak frå før dei fylte 18 år. Det vart imidlertid presisert i forarbeidet med lova at det bør ikkje stå noko i vegen for å vidareføre tiltak etter loven, sjølv om den enkelte ungdom i ein periode før eller etter fylte 18 år ikkje har ønska kontakt med barnevernet. Dette vert grunngeve med at det ikkje er uvanleg at ungdommen i denne aldersgruppa ønska å bryte kontakt med barnevernet og at dei trur at dei kan klare seg sjølv. Det er ikkje fastsett noko frist for å gjenopprette tiltak, men det er forutsett at den aktuelle barnevernstenesta foretar ein konkret og skjønsmessig vurdering av hjelpebehov til den enkelte ungdommen (Ofstad og Skar, 2004).

Når ein har henta inn samtykke til ettervernstiltak, skal barnevernstenesta jf. bvl. § 4-15, i god tid før ungdommen fyllar 18 år, utarbeida ein plan for vidare tiltak. Formålet med denne tiltaksplanen er å sikra at barnevernet set i verk dei hjelpetiltaka som er vedtekne (Askeland og Molven, 2006). Denne skal utarbeidas i samarbeid med den unge, og ein bør eventuelt trekkje inn foreldre, fosterforeldre, institusjonsansatte og andre som ungdommen kjenner og har tillit til. Målsettinga med planen er at ungdommen skal vite kva som skjer vidare. Dette skal sikres ved å arbeide planmessig med overgangen til ein sjølvstendig tilværing (Barne- og Likestillingsdepartementet, 2006).

Dersom ungdommen sjølv ønskjer å oppretthalde tiltak etter fylte 18 år, og barnevernstenesta vurderer at ungdommen ikkje har behov for det, er dei plikta å informera ungdommen om at dei har klagerett. Avslaget kan påklagas til fylkesmannen, jf. bvl. § 6-5, klage over

barnevernstenesta vedtak og bvl. § 6-6, Fylkesmannens kompetanse i klagesaker. Barnevernet bør også hjelpe ungdommen i denne prosessen (Barne- og Likestillingsdepartementet, 2006). Denne klageretten gjeldt også for dei ungdommane som har valt å bryte kontakten med barnevernet når dei fyller 18 år. Dersom dei vil gjenopprette tiltaket, men ikkje får medhald av barnevernstenesta kan dei klage på dette (Ofstad og Skar, 2004).

Om ungdommen får forlenga tiltak, er det opp til den enkelte barnevernstenesta å vurdere kva type tiltak den enkelte ungdommen har behov for. Det er føringar her i forhold ungdommens alder. I bvl. § 1-3, andre ledd, står det at for ungdom mellom 18-20 år er både den kommunale og statlege barnevernsmyndighet ansvarleg for å etablere og finansiere tiltak. Situasjonen er noko annleis for dei over 20 år. Statleg regional barnevernsmyndigheit har ikkje noko økonomisk ansvar for tiltak for disse ungdommane, jf. bvl. § 9-4. Tiltak for ungdom over 20 år vil difor vere avgrensa til tiltak som høyrer under den kommunale barnevernstenestas ansvarsområde, det vil seie ordinære fosterheimplasseringar og andre hjelpetiltak. Ettervern innebere nødvendigvis ikkje at ungdommen fortsetter å bu i fosterheim eller på institusjon. Ein kan setje i verk ordinære hjelpetiltak, som til dømes kan vere støttekontakt eller besøksheim, eigen hybel med tilsyn, økonomisk stønad, eller hjelp til å skaffe arbeid eller skuleplass.

3.3 Påverknadsfaktorar i forhold til val av ettervernstiltak.

Det er ikkje bere lovverket som spelar inn når eit barnevernsvedtak er oppe til vurdering. Ytre faktorar kan ha innverknad på den jobben som vert gjort. Det vil vere forskjellar frå sakshandsamar til sakshandsamar når det gjeldt kva type tiltak ein skal setje i verk.

Barnevernstenesta er som nemnt ikkje plikta til å gje ungdommen eit tilbud om ettervern. Det er derfor eit spørsmål om fagleg skjønn og vurderingar gjort av sakshandsamar. I følgje Gjerustad m. fl. (2004) er det høgt sannsyn for at barnevernskurator vektlegg erfaringsbasert kunnskap. Undersøkingar dei framlegg visar at sakens alvorsgrad veier tyngst når val av tiltak skal foretas, mens kommunens økonomi har minst betydning. Men dette betyr ikkje at sakshandsamar ikkje må ta omsyn til budsjettet når dei avgjer kva type tiltak som skal velje. Men fleire av Gjerustad m. fl. (2004) informantar understrekar at dersom budsjettoverskriding i forhold til hjelpetiltak er unngåelig, vert det akseptert.

Kor vidt sakshandsamar meiner den unge bør ha innflytelse kan også ha noko å sei for utfallet av vedtaket. Seim og Slettebø (RED., 2007) meiner at god informasjon om tenestene er grunnlaget for medverknad. Dette kan likevel ikkje sjåast på som brukarmedverknad fordi det

ikkje inneberer noko aktivitet frå brukaranes side. Men med kunnskap om tenestene barnevernet kan tilby, kan det vere lettare for brukar å ha innflytelse på vedtaket, sjølv om dei ikkje har rett til å bestemme sjølv (Seim og Slettebø RED., 2007).

Ungdommens motivasjon kan og vere av betydning. Dersom den unge ikkje er motivert til ta imot hjelp etter fylte 18 år, vil det vere vanskeleg å hjelpe den unge. I følge Storø (Johansson og Sundt, 2005) er det umulig å setje inn tiltak ovanfor ein ungdom som ikkje vil sjølv. Det er difor viktig å motivere den ungdommen til å samtykke til ettervern.

Eg har i denne oppgåva valt å ta føre meg ettervern for dei som har vert under omsorg. I saker der ungdom får ettervern, vert institusjonen eller fosterheimen der den unge bur ei viktig samarbeidskjelde. Eg vil difor ta føre meg det vidare arbeidet med unge under omsorg, der eg først vil greie ut om ettervernsarbeid i institusjon, med vekt på at den unge på sikt skal flytte over i eige hybel.

3.4 Korleis jobbar ein i institusjonar?

Eit godt ettervern kan bidra til at ungdom som har vert under omsorg, kan få ein god start på vaksenlivet. Dersom det er tatt slutning om ettervern, er det viktig å ligge eit god fundament ein kan jobba utifrå. Det vil sei at man allereie medan ungdommen er i institusjonen må jobbe med eit mål om at den unge på sikt skal kunne klare seg sjølv. Storø (2001) meiner at tida i tiltaket før ettervernet har starta har mykje å sei for ettervernet. Arbeidet i institusjon bør alltid ha fokus på framtida. Det er først etter at ungdommen har flytta frå institusjonen at dei verkeleg merkar kva det vil seie å ta ansvar for seg sjølv (Storø, 2001). Det er derfor viktig å forberede ungdommen best mulig på overgangen. På bakgrunn av dette ser Storø (2001) for seg tre fasar ein kan jobbe med i forhold til forarbeid og ettervernsarbeid med ungdom som har vert i institusjonar. Eg vil no kort presentera dei tre fasane førebuing, flytting og oppfølging.

For ungdommen er det viktig å vere godt forberedt på det vaksne livet. Dette inneberer at ungdommen bør nå eit modningsnivå der ein begynner å ta ansvar for seg sjølv ut frå eigen vilje. Den naturlege prosessen mot vaksenlivet tar mange unge for gitt, medan ungdom i institusjon treng ofte tilrettelagt trening for å meistre den kommande vaksenlivet (Storø, 2001). For å kunne forberede ungdommen best mulig, kan det difor vere greitt å vurdere ungdommens individuelle ferdigheiter, og finne ut kva planar den unge har for framtida. Ein kan då finne ut kva ein må jobbe spesielt med før utflytting (Storø, 2001).

Når den unge er klar for å gå vidare, er eit alternativ å flytta over i eige hybel. Det er det alternativet eg har valt å legge vekt på i denne delen av oppgåva. Overgangen frå institusjon til eige hybel, kan føljas som ein ny livsfase for den unge, samstundes som dei kan føle ein viss uro over det som kjem. Dette er ein fase som kan opne for både muligheiter og kriser for ungdommen. Å bestemme over eiga liv krev mykje av den unge (Storø, 2001). Gjennom førebuing i institusjonen har ein jobba systematisk med å forbetre ungdommens sosiale og praktiske ferdigheiter, og dette skal nå gjennomføres i praksis.

Dersom ungdommen ikkje er klar for å bu aleine, kan flyttinga forbindas med frykt og einsemd (Storø, 2001). Sjølv om ein har gjort ein god jobb med førebuinga, kan den unge føle seg på utrygg is den første tida aleine. Det er her ekstra viktig at den unge veit at det fortsett er mulig å holde kontakten med institusjonen sjølv om ein no er sjølvstendig (Storø, 2003). Det er først etter at ungdommen har flytta ut frå institusjonen at den unge får føle på kroppen kva det vil seie å vere sjølvstendig og ta ansvar før seg sjølv. Det kan då vere greitt å få oppfølging frå institusjonen (Storø, 2001).

Oppfølging kan ha ulike formar. I følgje Storø (2003), vil nokre unge klare seg mest mulig sjølv, medan andre har stort behov for å ha nokon å snakka med om den nye tilværinga. Som vaksen støtteperson bør ein då finne fram til kva type støtte den enkelte ungdom treng. Det kan i denne fasen vere nødvendig å gje ungdommen litt ekstra spelerom, la dei prøve og feile før ein byrjar å påpeike deira feil. Dette grunnjev Storø (2003) med at mange unge har behov for å prøve ut sin nye og frie tilværing før dei slår seg til ro og finn det livsmønsteret som passar dei. Storø (2003) meiner at ein bør i staden sei kva ein meiner om den unges val, samstundes som ein viser at ein fortsett støttar den unge og hans forsøk på å handtere sin nye tilværing.

Undervegs i oppfølginga bør ein vurdere om ungdommen er blitt meir sjølvstendig, og deretter redusera den praktiske oppfølginga ein har i forhold til ungdommen. Ungdommen må verte utfordra til å ta ansvar sjølv, for slik å få positive meistringsopplevingar. For tett oppfølging kan føre til lært avhengnad (Storø, 2001). Det er viktig å huske at formålet med ettervern og oppfølgingsarbeid er at den unge på sikt skal klare seg sjølv (www.ettervern.org).

Ved å vere tilstede for ungdommen gjennom dei tre fasane, får ungdommen ein moglegheit til å avslutte relasjonane til omsorgspersonane på ein naturleg måte (Storø, 2001).

Ettervern i fosterheim er også ein alternativ til hjelpetiltak. For ein ungdom som bur i fosterheim, kan førebuingarbeidet til ein sjølvstendig tilværing, likna meir på det ungdommar opplever hjå sin biologiske familiar. Men ein må her i likskap med ungdom på institusjonar, førebu ungdommen i god tid før utflytting på kva som ventar i den sjølvstendige tilværingen. Dette vil eg presentere nærare i neste del av oppgåva, som handla om ettervern i fosterheimar.

3.5 Ettervern i fosterheim.

Lindboe (1998) definerar fosterforeldre som privatpersonar som etter avtale med barnevernet utøvar dagleg omsorg for barn som er under omsorgsovertaking av barnevernet (Bunkholdt, 2004). Når ungdom i fosterheimar vert myndig, er det mulig å forlengje tiltaket, slik at den unge kan fortsette å bu i fosterheimen. Etter barnevernslova (bvl.) er aldersgrense for ettervern i fosterheim 18-23 år. Det vil seie at når barnet samtykkjer kan tiltak som er satt i verk før fylte 18 år, oppretthaldas eller erstattas av andre tiltak, jf. bvl § 1-3, andre ledd. Dette inneberer at dersom tiltaket skal heimlas i lov, kan ein ikkje følgje opp ungdommen i fosterheim etter den dagen dei fyller 23 år. Ungdommen kan sjølvstendig vere ein del av familien dersom begge partar vil det, men denne kontakten er det den unge sjølv og fosterforeldra som avtaler (Johansson og Sundt, RED., 2007).

Som i ettervernsarbeid generelt, er det også her lovfesta at ungdommen ikkje automatisk får ettervern. Dersom det er snakk om tiltak etter fylte 18 år, vil det vere naturleg at vurderinga blir tatt i samråd mellom barnevernstenesta, ungdommen og fosterheimen. Dersom ungdommen ikkje vil vere i tiltak etter at dei har fylt 18 år, vil det vere vanskelig å gjennomføre dette. Fosterforeldra har difor ei viktig oppgåve i å førebu den unge på den vanskelige avgjeringa om den har behov for tiltak når dei er myndig. Dei bør også snakke om kva type tiltak den unge eventuelt meiner han har behov for. Som tidlegare nemnt kan ikkje ungdom over 18 år vere under omsorg frå barnevernet, dette fordi dei på lik linje med andre ungdommar er myndige når dei fyller 18 år. Dette inneberer at dersom fosterheimsopphaldet er heimla i § 4-12, vedtak om å overta omsorga for eit barn, vert vedtaket oppheva automatisk den dagen ungdommen fyller 18 år. Dersom ungdommen vil halda fram med oppfølginga, må det lagas nytt vedtak, dette blir som regel heimla i bvl. § 1-3, som vidare oppfølging. Ettersom ungdommen då er myndig må den unge samtykke til tiltaket, verken foreldre eller fosterforeldre har formell innverknad på dette (Johansson og Sundt, RED., 2007).

Dersom det blir vedtatt vidare oppfølging av ungdommen i fosterheimen, skal det utarbeidas ein tiltaksplan for det vidare arbeidet med ungdommen, jf. bvl. § 4-15. Dette vil eg komme

nærare inn på under neste punkt i oppgåva, der eg vil omtale arbeidet som vert gjort i fosterheimar med dei unge som på sikt skal flytte frå fosterheimen og ut i eigen hybel.

3.5.1 Arbeidet med ettervern i tilknytning til fosterheim.

Dersom det blir bestemt at ungdommen får ettervern, skal det som nemnt utarbeidas ein tiltaksplan for framtida. Innhaldet i denne planen kan endras dersom det er behov for det, eller dersom ungdommen ønskjer det. Denne planen kan til dømes innehalda oversikt over kor lenge ungdommen skal bu i fosterheim og dei viktigaste oppgåvene i denne perioden, både for ungdommen, barnevernet og fosterforeldra. Tiltaksplanen kan også vise ei oversikt over kva barnevernet kan bidra med i forhold til eigenetableringa. Det kan til dømes vere økonomi, hjelp til å skaffe bustad, arbeid eller skuleplass (Bunkholdt, 2004).

Når den unge i fosterheimen vert myndig, er det ulike måtar å forlenga tiltaket på. Eit døme er å la ungdommen gradvis få prøva seg ut i vaksenlivet med hjelp av fosterforeldra. Dette kan gjennomførast ved at ungdommen gradvis får overta ansvaret for eigen økonomi, lage mat og stelle hus, og lære sosiale ferdigheiter i eit lokalmiljø (Bunkholdt, 2004). Dersom forholda ligg til rette for det, kan fosterforeldra inngå ein avtale med barnevernstenesta, der rolla deira vert forandra til å vere hybelvertskap. Det vil seie at barnevernet tilbyr ungdommen å bu i ein verna hybel, der fosterforeldra er tilgjengelige for ungdommen dersom det trengs (Storø, 2001)

I neste del av oppgåva, vil eg setje fokus på kvaliteten på ettervernsarbeidet, og knytte det opp mot hovudspørsmålet i problemstillinga mi. Eg vil sjå nærare på om det tilbodet som finnes for ettervern i dag, gjer at ungdommen er godt nok forberedt på ei sjølvstendig tilværing.

4.0 Analysen av ettervernsarbeid.

Som tidlegare nemnt kan ungdom som er under offentleg omsorg få ettervern fram til dei fyller 23 år. I barnevernsloven § 4-15 heiter det:

I god tid før barnet fyller 18 år, skal barneverntjenesten i samarbeid med barnet vurdere om plasseringen skal opprettholdes eller om barnet skal motta andre hjelpetiltak etter fylte 18 år. Dersom barnet samtykker skal barnevernstjenesten utarbeide en plan for fremtidige tiltak.

Med denne lovteksten som utgangspunkt vil eg no analysere problemstillinga mi, med sikte på konkludere med kor vidt tida er inne for eit lovfesta ettervern.

4.1 Ettervern – for kven?

Når ungdommar flyttar ut frå foreldra, har dei som regel alltid ein moglegheit til å komma tilbake for å søke råd og hjelp. Å flytte frå ein oppvekst under offentleg omsorg kan derimot virka som eit nytt kapittel i livet. Det kan følast som ei reise mellom to avskilte fasar; frå barnevernets nære omsorgspersonar, og enten tilbake til sitt opphavlege sosiale nettverk, eller til å stå på egne bein aleine for første gang i sitt liv (Storø, 2001). *Det blir ikke det samme med en sosialkurator på NAV. Behovet for nære relasjoner slutter ikkje på 18-årsdagen. Det er forskjell på å bli myndig og å bli voksen* seier Johan Holand i Landsforeningen for barnevernsbarn (<http://www.bt.no/lokalt/bergen/article435781.ece>). Nokre ungdommar kan hente hjelp og støtte i det sosiale nettverket dei tilhørde tidlegare, for andre var det gjerne problema i nettopp dette miljøet som låg til grunne for barnevernets omsorgsovertaking. Om disse problema er vedvarande kan ungdommen fort oppleve å verte einsam (Storø, 2001). I slike tilfeller er ettervernsarbeid særdeles viktig. Ungdommen skal ved hjelp av barnevernet få støtte og rettleiing når han flytter ut frå den offentlege omsorga, slik at han kan bruke sine muligheiter og sin kompetanse (Storø, 2001). Ettervern byrjar ikkje den dagen ungdommen flyttar ut frå institusjonen eller fosterheimen. Ein må begynne å forberede den unge i god tid før den fyller 18 år, både på det valet om å ha ettervern, og på å bli sjølvstendig (Storø, 2001).

Eg vil vidare i oppgåva drøfta dagens praksis for ettervernsarbeid i barnevernet. Eg vil då trekka linjer mellom det eg har skrevet om arbeid i institusjon og fosterheim tidlegare i oppgåva, og knytte dette opp mot problemstillinga mi.

4.2 Dagens praksis i ettervernsarbeid

Barnevernet jobbar etter Lov om barnevern. I tillegg har Barne- og likestillingsdepartementet (2006) gitt ut ein rutinehandbok for barnevernstenestene. Denne er meint å vere retningsgivande for arbeidet barnevernet gjer i forhold til ettervernsarbeid. Her ligg føringar og vedtak som eg har omtala tidlegare i oppgåva. Dei siste åra har det vert publisert nokre forskingsrapportar som omtalar ettervern, men bortsett frå dette er det svært lite forskning som tar føre seg ettervern som eiga fagområde. Ifølge Storø (2001), bør difor barnevernsarbeidarar støtte seg på eit vidt spekter av kunnskaps- og erfaringskjelder når dei jobbar med unge i ettervern. Vidare i oppgåva vil eg difor ta føre meg kva som styrer barnevernstenestene i arbeidet med ettervern, både i barnevernstenesta, og i institusjon og fosterheimar.

Ein føresetnad for å gjere ein god jobb er å ha dei rette hjelpemidlane tilstades. Tidlegare i oppgåva har eg gått nærare inn på rutinar for arbeid med ettervern. Disse rutinane er lagd på

bakgrunn av lovverket og retningslinjene som er for ettervernsarbeid i dag. Lovverket definerer kven som kan få forlenga tiltak, medan retningslinjene er gitt frå departementet som eit hjelpeverktøy til sakshandsamarane (Barne- og Likestillingsdepartementet, 2006). I tillegg har barnevernet tiltaks- og omsorgsplanar som skal følgjast om det vert satt i verk tiltak, jf. bvl. § 4-5.

Formålet med tiltaksplanen som tidlegare nemnt er å sikra at barnevernet set i verk dei hjelpetiltaka som er vedtekne (Askeland og Molven, 2006). Denne planen skal gje eit oversyn over kva type tiltak som skal setjast i verk, samt vise mål og delmål med tiltaket. Den skal også vise når dei ulike måla skal setjast i gang. I tillegg skal det framkome av planen kven som er ansvarleg for igangsetjinga og tidspunkt for oppfølging og evaluering. Planen skal framstå som eit hjelpemiddel til samarbeid, og prosessen med å lage tiltaksplanen skal vere like viktig som produktet. Intensjonen er at den unge bør vere med i utforminga av den. Rød (2005) meiner at tiltaksplanen kan fungere som både informasjons-, kommunikasjons og styringsreiskap, samstundes som den hjelper barnevernstenesta å holda seg orientert om måla med hjelpetiltaka fungerer (Askeland og Molven, 2006).

Sjølv om intensjonen med tiltaksplan er god, framkjem det i Fafo-rapport 545 (Gjerustad m.fl., 2006) at av deira informantar er det få som brukar tiltaksplanar i alle sakar. Det er helst i dei sakene med fleire hjelpetiltak på eit barn eller ungdom planane vert tatt i bruk. Dette grunngjev dei med at behovet for tiltaksplan er sterkare når det er fleire hjelpetiltak i same sak, og mangel på tid gjer at ein må prioritera. Samstundes påpeikar mange av informantane at tiltaksplanar er nyttige, og det framkjem i undersøkinga at dei som opplever tiltaksplanar som nyttige, lagar slik planar oftare enn dei som ikkje synes det (Gjerustad m.fl., 2006).

Når ein jobbar med ettervern i institusjonar og fosterheimar, skal ein som nemnt overfor ta utgangspunkt i tiltaksplanar. Ein jobbar for å førebu ungdommen på å klare seg sjølv, tiltaksplanen er difor ein oversikt over dei mål og planar ungdommen skal gjennomføre i løpet av ettervernsperioden.

I institusjonar jobbar ein systematisk for å førebu ungdommen på eit sjølvstendig liv. Som eg tidlegare har omtala ser Storø (2001) for seg tre fasar ein kan jobbe med ettervern i. Eg vil nå gå nærare inn på denne prosessen, og vise til korleis ein kan jobbe konkret med dei ulike fasane. Storø (2003) meiner at ein må førebu den unge mentalt på kva som ventar. Dette kan til dømes innebere å snakke med den unge om å ta ansvar for seg sjølv. Samstundes bør ein også snakke om det nettverket den unge no skal ut i, korleis den kan søke støtte i, og få hjelp

frå omgivingane dersom ein treng det. Å jobbe med ungdommens sosiale og praktiske eigenskapar er òg av betydning for at ungdommen skal klare seg på eigen hand. Praktiske eigenskapar vil til dømes vere å gå på butikken, lage mat, sørgje for at pengane strekkjer til heile månaden. Sosiale ferdigheiter vil seie å klare å skilje mellom ”gode og dårlege” venner, kunne sei ifrå dersom noko er gale, eller dersom noko plagar deg. Storø (2003) meiner at gjennom å jobbe systematisk med dette kan ein gjere ungdommen betre rusta til å møte kvardagen aleine, noko som kan gjere flytteprosessen lettare.

Eg meiner at Storø har fleire gode poeng her. Eg tenker i særleg grad då på det å jobbe med ungdommens sosiale og praktiske ferdigheiter. I min praksisperioden på 16 veker, møtte eg fleire ungdommar under barnevernets omsorg som nærma seg 18 år. Felles for dei fleste av disse, var ein kvardag som bar preg av skuleskulk, dårlege sosiale ferdigheitar og vennegjeng prega av såkalla ”dårlege vennar”, der rus var ein del av kvardagen. På arbeidsplassen diskuterte vi fleire gangar moglegskapen for at disse ungdommane ikkje har eigenskapar som tilseier at dei klarar å sosialisere seg med ”normal” ungdom. Det vil seie ungdom utanfor rusmiljøet som er med på ulike organiserte fritidsaktivitetar. Det var også fleire av dei eldre ungdommane eg møtte som budde for seg sjølv. Fleire av disse nytta med jamne mellomrom rusmidlar, dei hadde vanskar å holde på ein jobb eller skuleplass, noko som var eit resultat av blant anna dårleg døgnrytme. I tillegg hadde dei vanskar med å få pengane til å strekke til, noko som blant anna resulterte i at eit godt kosthald vart nedprioritert. På bakgrunn av dette ser eg kor viktig det er å jobbe systematisk med ungdommen, slik at dei er godt rusta til å stå på egne bein.

Å flytte på eigen hybel kan for nokre følast som starten på ein ny livsfase, for andre er det eit etterlengta fridom. Å flytte i eigen bustad inneberer ein god del praktisk arbeid som den unge ikkje har gjort før. Det er i følge Storø (2003) i dei fleste tilfella best at ungdommen gjennomfører praktiske gjeremål sjølv, og at den vaksne heldt seg i bakgrunn og rettleiar dersom det er behov for det. Ein må hugse på at ein arbeidar med ungdommen for å sikra den eit stabilt ståstad vidare i livet (Storø, 2001). Når ungdommen er etablert i eige bustad, startar jobben med å følgje opp ungdommen. Det er difor viktig at barnevernstenesta har gode planar og idear klar for oppfølginga startar.

Oppfølginga bør innehalde ein plan for nettverksbyggande tiltak, slik at den unge har større moglegheit til å lausrive seg frå det offentleges hjelp når dei fyller 23 år. Ein bør legge inn faste evalueringar mellom den unge, barnevernet og eventuelt andre som har

oppfølgingsansvar, der man diskuterar om ettervernet går slike ein håpar. I følgje Storø (2001), er det ikkje lett å avgjerde kva som er det rett tidspunktet for å avslutte oppfølgingsarbeidet, for nokon er ikkje dette før dei fyller 23 år, medan andre klarar seg tidlegare. Det kan også vere viktig å tenke på overgangen mellom dei ulike fasane. Dette er ikkje noko man kan fastslå når tiltaket startar. Det er individuelt når dei ulike ungdommane er klar til å ta steget vidare til neste fase. Man kan til dømes ta dette med i tiltaksplanen, for så å vurdere undervegs i tiltaket når den unge er klar til å ta neste skritt (Storø, 2001).

Eg meiner at disse tre fasane i stor grad også kan brukas for ungdom som har budd i fosterheim. Sjølv om disse kan bu i tiltaket til dei fyller 23 år, treng dei å forberedas på å bu aleine. I forhold til sjølve arbeidet med å forberede ungdommar i fosterheim til utflytting, er det individuelt kva ein treng forberedast på. I følgje Bunkholdt (2004) er tre hovudområder som dei fleste ungdom treng trene på:

- Eigenomsorg, det kan for eksempel vere kunnskap om mat, hygiene og kunnskap om sex.
- Praktiske ferdigheiter, som budsjettering, handling av hushaldningsartiklar og mat, og reingjering av bustad.
- Mellommenneskelege forhold, det kan vere oppretting og vedlikehald av formelle og personlige forhold.

Eg har no svart på korleis barnevernet i dag kan jobbe med ettervern i praksis. Vidare vil eg vende oppgåva mot eit av dei andre underspørsmåla i problemstillinga, og greie ut om korleis barnevernstenesta kan jobbe for å hjelpe den unge til å bli eit sjølvstendig individ. Eg vil og drøfte korleis dette vil verte påverka av ei eventuell lovfesting av ettervern.

4.3 Føresetnadar for å gjere eit godt ettervernsarbeid.

For å kunne hjelpe ungdommar til ei sjølvstendig tilværing, er det fleire ulike faktorar som kan spela inn. Eg har i denne oppgåva valt å legge vekt på dei omgrepa eg presenterar i dette avsnittet. For det første bør ungdommen vere motivert til å klare seg sjølv. Vidare bør også ungdommen få brukarmedverknad, då dette til dømes kan vere ein god motivasjonsfaktor for den unge. Ein god relasjon mellom barnevernet og den unge er av betydning. Det vil seie at begge partar må ta seg tid til å jobbe med denne relasjonen. Nettverksbygging er viktig, dette fordi den unge skal ha best mulig utgangspunkt for å verte sjølvstendig. At barnevernstenestene har god økonomi er ein føresetnad for at barnevernskurator kan gjere eit god ettervernsarbeid. Barnevernet bør ha midlar til å sette inn det tiltaket dei meiner høver best i forhold til den unge.

I dag er særleg den økonomiske situasjonen i barnevernet eit diskusjonstema. Situasjonen slik eg ser det er at ungdom over 20 år som er under barnevernstiltak, vert dei økonomiske taparane. Med dagens lovverk er det kommunale barnevernet pålagt å ta økonomisk ansvar for disse. Tiltaka vert difor avgrensa til å gjelde ordinære hjelpetiltak. Det vil seie at til dømes institusjonsopphald og forsterka fosterheims plasseringar i utgangspunktet er utelukka. Dersom kommunane skulle ønska å nytte seg av slike tiltak, må dei dekkje utgiftene sjølv (Ofstad og Skar, 2004).

Formålet med ettervern er som tidlegare nemnt å ivareta ungdom som ikkje klarar seg sjølv når dei fyller 18 år, og via forlengta tiltak skal ein førebu den unge til ei sjølvstendig tilværing når dei fyller 23 år (Barne- og likestillingsdepartementet, 2006). Kva skjer då med dei over 20 år som treng forsterka hjelpetiltak utover det kommunen har å tilby? Dåverande Barne og Familiedepartementet låg i 1998 fram ei tilrådinga om endring av barnevernsloven. Det vart då fastslått at forslaget ville ha avgrensa økonomiske konsekvensar for kommunane. Dette vart grunngeve med at dei nye ettervernsklientane sannsynlegvis ville vert sosialklientar dersom dei ikkje hadde fått tilbod om ettervern. Departementet meinte at det dermed skjer ei forskyving av klientar mellom sosialtenesta og barnevernstenesta innan kommunen (www.regjeringen.no). Det er her underliggende at departementet meina at ein kan forskyve pengar frå kommunebudsjettet mellom dei to etatane. Spørsmålet vert då om dette er reelt i forhold til dei ekstra kostnadane barnevernstenesta vil få, i forhold til dei kostnadane sosialtenesta hadde. Med til dømes ettervern i ein fosterheim kan ungdommane få moglegheit til å stå i eit utdanningsløp, medan han bur i ein stabil heim med faste rutinar. Med utdanninga kjem også ei framtidsutsikt med moglegheit for jobb og bustad. Men det kostar, fosterheimsgodtgjeringa ligg i dag på 11160 kr i månaden for eit barn over 15 år (www.ssb.no). Til samanlikning er retningslinjene frå Stortinget for minstesatsen for sosialhjelp per måned, frå 01.01.08 fastsett til 4600 kr (www.regjeringen.no). Dette er ein klar indikator på at ein ikkje kan forvente at ein ved å forskyva pengar innan kommunens etatar skal klare å tilby eit godt ettervern til dei som treng det.

Som eg visar til tidlegare i oppgåva møtte eg fleire unge i min praksisperiode som klarte seg mindre bra. Dette var unge som nytta rusmidlar, ikkje klarte å holde på ein jobb, og levde på sosialstønad. Fleire var tidlegare barnevernsungdom, som var blitt vist til sosialtenesta då dei fylte 18 år. Det spørsmålet eg då stiller meg sjølv er; er det ikkje betre å satse på ettervern for dei over 18 år, og på denne måten jobbe aktivt for å hindre at unge vert sosialklientar. Vist ein

ser langsiktig på dette, kan staten spare pengar på å satse på eit godt ettervern, i staden for å utbetale sosialstønad, og eventuell rusavvenning for disse på eit seinare tidspunkt.

Brukarmedverknad og tillit er stikkord for eit vellykka ettervernstiltak. I følgje Bratterud med fleir (2006), bør barn og unge få oppleve seg sjølv som viktige og kompetente subjekt i eige liv. Seim og Slettebø (RED. 2007) meiner at det er grunnleggande innanfor brukarmedverknad, den unge bør få større innflytelse på sin samhandling med barnevernet. Dei meiner at brukar må ha moglegheit til å delta aktivt, og ha innflytelse i alle fasar av samhandlinga, også i forhold til val mellom dei ulike typar tiltak og muligheit til å delta i slutningsprosessen. Ein treng å høre barnets stemme for å kunne gje ein tilpassa omsorg, læring og oppdraging (Seim og Slettebø, RED., 2007).

I ei undersøking gjort ved NTNU (Bratterud m.fl. 2006) framkjem det at det i alt er 82 % av ungdommane som meiner dei i noko eller stor grad har vore med å bestemme kva type hjelp dei skulle få. 18 % av ungdommane meiner at dei ikkje har hatt noko innflytelse på dette, medan bere 7 % av saksbehandlarane oppgjer at ungdommen ikkje har hatt noko medverknad. Dette meiner eg vitnar om dårleg kommunikasjon mellom ungdom og saksbehandlar. Eg synes at ein føresetnad for eit godt ettervernsarbeid er samarbeid, der tid og kommunikasjon er viktige komponentar. Ein må ta seg tid til å lytte til ungdommen, bruke kommunikasjon som eit verktøy til å skape ein god relasjon basert på tillit. I undersøkinga gjort ved NTNU (Bratterud m.fl. 2006) er dei spurde ungdommane samstemt om at barnevernsarbeidarar bør bry seg, og vere engasjert og interessert i det ungdommen har å sei, samstundes som dei tar omsyn til ungdommens meiningar. Vidare meiner dei også at barnevernsarbeidaren bør vere til å stole på, og den bør ha eigenskapar som gjer grunnlag for ein god relasjon.

Min oppfatning, etter å ha satt meg inn ettervern som fagfelt er at det i dagens barnevern kan virke som at mange saksbehandlarar har planar for ungdommens framtid, medan ungdom sjølv ikkje er fortalt disse planane. Det er sjølv sagt ikkje alle ungdommar som ønskjer aktiv medverknad, mens andre ungdommar uttrykkjer ein følelse av å bli haldt utanfor slutningar og føler ein viss avmakt (Bratterud m. fl., 2006). I arbeidsrapporten utarbeida av Bratterud med fleire (2006) er det også gjort ei undersøking om kor stor del av ungdommane som veit om det er planlagt tiltak etter at dei fyllar 18 år. Heile 42 % seie her at dei ikkje veit om det er lagt noko planar, medan bere 3 % av saksbehandlarane seie det same. Dette samsvarar med mine tankar kring kommunikasjonsvanskar mellom barnevernsarbeidar og ungdommen.

Arbeidsrapporten frå NTNU (Bratterud m.fl. 2006) påpeikar også at for få ungdommar veit

kva den næraste framtida bringer i forhold til kva saksbehandlar veit om kva moglegheiter dei har.

Når ein jobbar med dei unge i institusjon eller fosterheim, er det også viktig å jobbe med nettverksbygning. Dette har eg tatt opp tidlegare i oppgåva, der eg har skrevet om korleis ein førebur ungdommar på flytting. Dersom ungdommen har eit god nettverk å støtta seg til, kan det verte lettare å lausriva seg ifrå hjelpeapparatet. I følgje Schiefloe (2004) er ein persons nettverk eit resultat av ein form for sosial seleksjonsprosess. Vist ein ser vekk frå basisrelasjonane, det vil seie foreldre og nær familie som følgjer oss frå fødsel av, kan man sei at vi siler ut dei relasjonane vi vil avikle, og satsar på dei vi meiner er betydingsfulle. Schiefloe (2004) meiner og at ein må ha sosial kompetanse for å klare å pleie dei personlege relasjonane i nettverket. Med dette meiner han at ein må klare å kunne omgås andre, kommunisera og respondera på andres sosiale initiativ. Dette samsvarer med det Storø (2001) meiner ein bør jobba i ettervernsfasen. Han seier blant anna at for å forberede ungdommen best mogeleg på vaksenlivet bør ein utarbeide eit tilrettelagt treningsopplegg, der ein blant anna trener på sosiale ferdigheiter.

Eg har nå vist til korleis sakshandsamar bør arbeide seg fram mot eit ettervernstiltak, og gitt dømer på gode føresetnader for å gjere eit godt ettervernsarbeid. Eg vil no avrunde oppgåva med å diskutere hovudspørsmålet i oppgåva, kor vidt er tida er inne for å lovfesta rett ettervern.

4.4 Er tida inne for eit lovfesta ettervern?

Jf. barnevernsloven § 4-15 blir barnevernstenesta pålagt å vurdere ettervern, men ungdommen har ikkje lovbestemt rett til ettervern. Det er avhengig av kva barnevernstenesta i den enkelte kommune meiner om den enkelte ungdommens behov. I 1998 vart det gjort ein endring i ettervernslovgjevinga som skulle betre ungdommens rettigheter, og dei siste 10 åra har Landsforeningen for barnevernsbarn kjempa for eit lovfesta ettervern. Eit spørsmål kan vere om tida er inne for å lovfeste retten til ettervern?

Det er gjort fleire ulike undersøkingar på kva som er viktig i førebuing til ein sjølvstendig tilværing for ungdom som har vert under barnevernets omsorg. Ein oppsummering gjort av Clayden og Stein (Bunkholdt, 2004), kjem det fram ulike punkt som virka positivt inn. For det første er det viktig med ei god forhandsvurdering av kva den enkelte ungdom treng og korleis desse behova best kan dekkjes. Vidare er det og viktig med støtte og brukarmedverknad i forhold til diskusjonar, forhandlingar og ungdommens prøving og feiling i den nye

situasjonen. Ein stabil plassering og muligheit til å gradvis tileigna seg nye ferdigheit er og viktig for at ungdommen på sikt skal kunne klare seg sjølv. Dette er punkt som både Bundholdt (2004) og Storø (2001) tar opp som viktige føresetnadar i arbeidet med å førebu den unge på ein sjølvstendig tilværing.

Men for å kunne jobbe med disse føresetnadane, må den unge få tilbod om ettervernstiltak. Det er her hovudtyngda i problemstillinga mi er. Er ei lovfesting av ettervern vegen å gå for å sikre at dei unge får tilbod om det.

I ein artikkel i Bergen Tidene (05.11.07) framkjem det at nesten tre av fire tidlegare barnevernsbarn har mottatt sosialhjelp. Det vert her hevda at mange barnevernsbarn vert dumpa av barnevernet når dei fyller 18 år, og flytta over til sosialtenesta, sjølv om realiteten er at dei som andre 18 åringar treng stabile vaksenkontaktar. Den studien dei her visar til er gjort mellom 1990-2006. Eg stiller dermed spørsmål ved denne framstillingen. Dette fordi den nye barnevernslova tredde i kraft i 1998, det vil seie at dei første åtte åra av undersøkinga ikkje er presentable i forhold til denne framstillingen som her vert gitt. Samstundes er det slik at barnevernet kan vise den unge til andre hjelpetenester dersom dei vurderer ungdommen skikka til å ta vare på seg sjølv. Dette kan til dømes bety at dei kan vise den unge til sosialtenesta, i staden for å tilby ettervern. Tidlegare har eg lagt fram tall som viser at minstesatsen for sosialhjelp kostar kommunen vesentleg mindre enn eit ettervernstilbod i til dømes fosterheim. Samstundes kjem det og fram at når loven om å forlenge ettervern frå 20 til 23 år kom, vart det ikkje auka overføringar frå staten til kommunane i forhold til ettervernsarbeid (<http://www.regjeringen.no>). Så lenge ettervern ikkje er lovpålagt kan det vere enkelt for ei allereie økonomisk pressa barnevernstenesta å heller vise ein 20 åring til sosialtenesta framfor å gje eit ettervernstilbod som kostar kommunen det dobbelta.

42 % av ungdommane i ein undersøking gjort ved NTNU (Bratterud m.fl. 2006) veit ikkje kva som skjer med tiltaket dei er under når dei fyller 18 år. Det framkjem i Fafø-rapport 545 (Gjerustad m. fl., 2006) at fleire informantar i deira undersøking ikkje brukar tiltaksplanar regelmessig. Grunna dårleg tid må saksbehandlar prioritere kva sakar man meiner har størst behov for tiltaksplan Er det ein samanheng her? I følgje Barnevernlova § 4-15, skal barnevernstenesta utarbeida ein plan for vidare tiltak i god tid før ungdommen fyller 18 år. Barneombodet og Landsforeningen for barnevernsbarn har i eit notat kome med forslag dei meiner kan betre ungdoms rettigheit i forhold til ettervern. Her kjem dei blant anna med eit forslag om ein ny lov der barnevernstenesta er plikta til å koordinere og følgje opp ettervern,

til dømes via ein tilsynsførar (<http://www.barneombudet.no>). Dei meiner at ei slik lovfesting kan bidra til å betre bruken av tiltaksplanar, og gjere kommunikasjonen mellom ungdom og barnevernstenesta betre. Tiltaksplanar er lovfesta også i dagens lovverk. I følgje bvl. § 4-15 skal barnevernstenesta i god tid før ungdommen fyller 18 år, utarbeida ein plan for vidare tiltak. Når eg les den nåverande loven, tolkar eg det slik at det skal framstå i planen kven som er ansvarleg for dei ulike tiltaka, og når dei ulike tiltaka skal gjennomførast. Det nye lovforslaget kan difor minne om det allereie eksisterande lovverket. Fordelen med det nye forslaget er at det er ein spesifikk lovfesting av oppfølgingsansvar som kan føre til at alle faktisk følgjer loven, og ikkje prioriterar enkelttilfeller slik eg har omtala tidlegare.

I ein artikkel på Regjeringen.no publisert 22.10.06 gjekk dåverande barne- og likestillingsminister Karita Bekkemellem ut og sa at

Overgangen fra barn til voksen er en sårbar fase for alle unge, og barn i barnevernet er en spesielt utsatt gruppe i så måte. Jeg vet at denne fasen ikke fungerer godt nok for alle som har vært i barnevernet. Dette er en av grunnene til at regjeringen nevner ettervern spesielt i Soria Moria-erklæringen.

Samtidig understreka ho at ho ikkje trur at ein lovfesta rett til ettervern er vegen å gå. Ho meiner at å lovfeste ein rett til noko som mange ikkje opplever som eit gode er eit utfordrande utgangspunkt. Bekkemellem meiner at det vil vere vanskelig å definere kva situasjon som skal utløyser rettigheita, og om det skal vere lovfesta rett til ettervern i institusjon, fosterheim eller om ungdommen skal få bestemme sjølv. Eg meiner at Bekkemellem i dette døme visar at departementet ikkje lyttar til det Barneombudet og Landsforeninga for barnevernsbarn arbeidar for. Dei har i eit notat gitt forslag til presisering av barnevernsloven § 3-1 og 4-15, i den hensikt å styrke rett til ettervern for barnevernsungdom. For det første vil dei ha inn ein tilføyning i § 1-3 som seie at barnevernet må gje ein grunngjeving dersom det ikkje vert gitt ettervern til ungdommen. Dette kravet skal sikre at barnevernstenesta alltid må vurdere og konkludere om ettervern bør anbefalast eller ikkje. Kravet er at dette må vurderast utifrå omsynet til barnets beste. Det andre forslaget går ut på at barnevernstenesta påføres ein klarere plikt til å sørge for at ettervernet vert gjennomført forsvarleg. Dette vil dei gjennomføre ved å lovfeste at barnevernstenesta har ansvar for å koordinere og følgje opp ettervernet, for eksempel via tilsynsførar (<http://www.barneombudet.no>). Ut frå disse lovforslaga forstår eg det slik at verken Barneombudet eller Landsforeningen for barnevernsbarn vil at det skal lovfestast kva type problematikk som skal utløyse dei ulike

tiltaka. Det dei ønskjer å lovfeste er ettervern som tiltak, men at kva type tiltak som skal setjast i verk må vere ein vurderingssak i forhold til den enkelte ungdom. Utifrå dette tenkjer eg eit ettervern der differensiering er eit viktig tema. Dei vil seie individuell behandling for dei ulike ungdommane. Ein må sjå på den enkelte ungdom i forhold til deira behov. Nokon har behov for korte tiltak medan andre treng lengre, på same måte treng nokre lite hjelp, medan andre treng mykje.

Sjølv om ungdom i utgangspunktet må samtykke til ettervern, er det eit unntak i loven; tiltak for barn med alvorlege åtferdsvanskar etter § 4-24 kan oppretthaldas utan samtykke, innanfor dei tidsavgrensingane som fylkesnemnda har satt. Det vil seie at dersom barnevernstenesta opplever at ein ungdom treng vidare oppfølging etter fylte 18 år, kan dei gjennomføra dette sjølv om den unge er ueinig. Det er eit krav her, og det er at vedtaket må vere sett i verk før ungdommen fyller 18 år. Formålet med dette tvangstiltaket er å fullføre tiltak som viser seg å fungere godt ovanfor den unge (Ofstad og Skar, 2004).

5.0 Avslutning

Gjennom dette litterærstudie har eg prøvd å belyse kor vidt tida er inne for å lovfeste ettervern. For å analysere dette har eg valt å dele oppgåva i to deler, ein teoridel, og ein analysedel. Dette har eg gjort for at mottakar skal få eit godt innblikk i kva ettervern er før eg byrjar på diskusjonsdelen, på denne måten kan dei få eit betre grunnlag til å reflektere over mine analyser seinare i oppgåva.

Eg har valt å ta føre meg den prosessen det er å førebu ungdom på ei sjølvstendig tilværing. Eg har då gitt eit innblikk i korleis denne jobben kan utøves i både institusjon og fosterheim. I forhold til institusjon har eg valt å presentera ein tredelt prosess Storø (2001) meiner ein kan jobbe ut ifrå. Disse tre fasane er førebuing, flytting og oppfølgingsfasen. Ein jobbar her med fokus på framtida, og Storø (2001) meiner at ein ved hjelp av disse fasane kan førebu ungdommen på overgangen frå eit liv under omsorg av barnevernet, til ei sjølvstendig tilværing. Når det gjeldt ungdom i fosterheim, må ein også her førebu den unge på kva som ventar i den sjølvstendige tilværingen. Bunkholdt (2004) gjer eit godt døme på dette. Ho meiner at ein kan la ungdommen gradvis få prøve seg ut i vaksenlivet, ved å til dømes la dei overta ansvar for eigen økonomi og liknande.

Etter å ha studert dette temaet, sitt eg igjen med eit inntrykk av at ettervern fungerer godt for dei som faktisk får tilbodet om det. Men for å kunne jobbe med dette, er det viktig at den unge får tilbod om ettervern. Det er dette som er hovudtyngda i problemstillinga mi.

Det har i den seinare tid vert diskutert offentleg rundt ettervern. Ein artikkel i Bergens Tidene (05.11.07) vert det hevda at nesten tre av fire tidlegare barnevernsbarn har mottatt sosialhjelp. Eg har i denne oppgåva lagt fram forskingsresultat som visar ulike svakheiter ved dagens saksgang i forhold til kor vidt ungdommen skal få ettervernstiltak. Sjølv om mange av dei som arbeidar i dei ulike barnevernstenestene ser behovet for å følgje opp dei unge over 18 år, er det fortsett ein del som kan utbetras. Eg stiller dermed spørsmål om det arbeidet som vert utført er målretta ut i frå ungdommens individuelle behov.

Eg meiner at det ikkje er nødvendig å lovfeste kva problematikk som skal utløyse dei ulike typar tiltak, slik tidlegare Barne- og familieminister Karita Bekkemellem utalte at ville verte for vanskeleg. Men å lovfesta ettervern som tiltak for tidlegare barnevernsbarn, der differensiering er eit viktig stikkord, kan vere ein måte å sikra den enkelte ungdom gode vilkår for framtida. Dette fordi ein då kan avgjere kva type tiltak som skal setjast i verk som ei vurderingssak i forhold til den enkelte ungdom, på same måte som for dei mindreårige. Samstundes er eg einig med Barneombodet og Landsforeninga for barnevernsbarn om at det ved eit eventuelt avslag på søknaden bør det gis ei god framstilling av kvifor ein meiner at ungdommen er skikka til å klare seg sjølv. Det er i dag for lett å vise 18 åringar til sosialkontoret, når dei i utgangspunktet kunne trengt eit godt ettervern.

Ettervern er ikkje eit prioritert emne i barnevernsutdanninga ved min skule. Gjennom arbeidet med denne oppgåva har eg fått inntrykk av at eit godt ettervern heller ikkje er prioritert ved dei ulike barnevernstenestene i landet. Dette er synd da ettervern er noko som absolutt burde vert satt på dagsorden, særleg grad på barnevernsutdanninga, då det er viktig at kommande barnevernsarbeidarar har eit godt fagleg innblikk i dette. Auka bevisstheit om ettervern er bakgrunnen for at NOVA-forskarane nå skal i gang med ytterligare en studie om barnevern og ettervern. Denne vert finansiert av Norges forskingsråd, og skal være ferdigstilt ved utgangen av 2008 (www.bt.no). Det er bra at dette no vert satt i fokus. Eg håpar auka bevisstheit kring temaet kan føre til at fleire barnevernsbarn får tilbod om eit godt ettervern.

Litteraturliste

Bøker:

Askeland, Gurid Aga og Molven, Olav, 2006. *Dokument i klientarbeid: journalar, sosialrapportar og saksframstillingar i sosialt arbeid*. Oslo, Gyldendal Norske Forlag.

Barne- og liketillingsdepartementet, 2006. *Rutinehåndbok for barneverntjenesten i kommunene*.

Bunkholdt Vigdis, 2004. *Fosterhjemsarbeid, Fra rekruttering til tilbakeføring*. Oslo Digibok AS, Gyldendal Norsk Forlag AS.

Gjertsen, Per-Åge, 2003. *Sosialpedagogikk. Grunnlagstenkning, kunnskap og refleksjon*. Polen, Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke AS.

Grønmo, Sigmund, 2004. *Samfunnsvitenskapelige metoder*. Bergen, Fagbokforlaget.

Halvorsen, Knut, 2004. *Forskningsmetode for helse- og sosialfag – ein innføring i samfunnsvitenskapelig metode*. Oslo, Cappelen Akademiske Forlag.

Jacobsen, Dag Ingvar, 2003. *Forståelse, beskrivelse og forklaring. Innføring i vitenskapelig metode for helse- og sosialfagene*. Steinkjær, Høyskoleforlaget AS.

Johansson, M og Sundt H. (red), 2007. *Fosterhjemshåndboka*. Oslo WS Bookwell, Kommuneforlaget AS.

Ofstad, K. og Skar, R., 2004. *Barnevernloven med kommentarer*. Gjøvik, Gyldendal Norsk Forlag AS.

Seim, Sissel og Slettebø, Tor (red.). *Brukermedvirkning i barnevernet*. Oslo, Universitetsforlaget.

Shiefloe, Per Morten, 2004. *Mennesker og samfunn, innføring i sosiologisk forståelse*. Bergen, Fagbokforlaget Vigmostad og Bjørke AS.

Storø, Jan, 2001. *På begge sider av atten – om ungdom, barnevern og ettervern*. Otta, Universitetsforlaget.

Storø, Jan, 2003. *Klar, ferdig, flytt. En verktøykasse for ungdom*. Gjøvik, Gyldendal Norsk Forlag AS.

Wadel, Cato, 1991. *Feltarbeid i egen kultur : en innføring i kvalitativt orientert samfunnsforskning*. Hegland, SEEK AS.

Internettkilder:

http://www.barneombudet.no/data/f/0/29/57/1_2401_0/Brev_bedret_ettervern.pdf 06.02.08 kl. 18.20

<http://www.bt.no/lokalt/bergen/article435781.ece> 21.01.08, kl. 15.43

www.ettervern.org 15.01.08 kl. 14.25

http://www.regjeringen.no/nb/tidligere_statsraader/minister/taler_artikler/2006/Godt-ettervern-sikret-i-barnevernloven.html?id=273444 25.01.08 kl. 12.04

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/regpubl/otprp/19971998/Otprp-nr-61-1997-98-/4.html?id=120665> 30.01.08 kl. 14.45

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/dok/regpubl/otprp/19971998/Otprp-nr-61-1997-98-/2/2.html?id=303977> 30.01.08 kl. 14.30

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/aid/aktuelt/nyheter/2008/Nye-veiledende-retningslinjer-for-sosial.html?id=495562> 30.01.08 kl. 14.08

http://www.ssb.no/bave_statres/ 30.01.08 kl. 13.45

Forskningsrapporter:

Bratterud, Åse m.fl. 2006. *Ungdom med barneverntiltak – på vei mot voksenlivet*. OBVIT-prosjektet, Delrapport 1, NTNU, Samfunnsforskning AS, Barnevernets Utviklingssenter.

Gjerustad, C., Grønningsæter, A., Kvinge T., Mossige, S. og Vindegg, J., 2004. *Bare fantasien setter grenser? Om kommunenes bruk av hjelpetiltak i barnevernet*. Oslo, FAFO.